

LEIKANGER KOMMUNE

REGLAR OM HUSNUMMERSKILT

§1. PLIKT TIL Å SETJA OPP SKILT

Kvar eigar som av kommunen har fått fastsett nummer til bygning eller bygningsdel, pliktar å setje opp og halda vedlike husnummerskilt på eigedomen i samsvar med dei reglar som til ei kvar tid gjeld.

§2. PLASSERING AV SKILTA M.V.

1. Husnummerskilt skal plasserast på ein måte som tydeleg viser kva slags adresseining (inngang, bygning e.l.) det vedkjem. Skiltet skal alltid vere oppsett slik at det er lett synleg frå veg eller gate. Skiltet skal haldast reint og ha tydelege bokstavar og tal. Skiltet må ikkje vere dekkja av tre, busker, andre skilt e.l.

2. Skiltet skal alltid plasserast mot den gata/vegen som bygningen er nummerert til, sjølv om avkøyrsla eller hovedinngangen er frå ein annan kant. Er avkøyrsla eller hovedinngangen frå ein annan kant, skal det også ved avkøyrsla/hovedinngangen setjast opp skilt som viser husnummer og kva veg/gate huset er nummerert til.

3. Nummerskilt festa direkte på bygning skal plasserast omlag 2,5 meter over bakken, og helst like ved inngangsdøra. Der sjølv bygningen er løynd frå vegen/gata, eller der det er stor avstand mellom veg og bygning, skal skiltet plasserast ved avkøyrsla. Det kan festast på gjerdet eller på særskild stolpe i gjerdelinja.

§3. MATERIALE OG UTFORMING AV SKILTA

1. Adressenummerskilt og tilleggsskilt skal vere laga av aluminium eller anna rustfritt og haldbart materiale. Skilta skal festast solid.

2. Skilta skal primært ha svarte bokstavar, tal og kantbord på kvit botn. Storleik og utforming skal vere etter Statens Vegvesen sine skiltnormalar (skilt 770). Tilleggsskilt skal ha teksthøgde på 35 mm og utformast likt skilt 766 i dei same skiltnormalane.

3. Andre husnummerskilt kan godkjennast innpassa i smijarnsport, lykter eller andre innretningar. Dette gjeld berre dersom nummereringa går tydeleg fram og plasseringa er høveleg. Kommunen vurderer og godkjenner dette i kvart enkelt høve.

§4. YMSE AVGJERDER

1. Kommunen skal føre tilsyn med at desse reglane vert fylgde og gje naudsynte pålegg. Om gjevne pålegg ikkje vert etterkomne innan ein rimeleg tidsfrist, kan kommunen få arbeidet utført for eigar si rekning.

2. Kommunen kan gjere unntak frå reglane når særlege tilhøve tilseier det.

3. Ved nybygg tildelar kommunen adresse ved godkjenning av byggemelding. Husnummerskilt skal vere oppsett før bruksløyve vert gjeve.

§5. IVERKSETJING

1. Desse reglane er gjort gjeldande frå 16. september 1993 i medhald av vedtak i Leikanger formannskap i sak 128/93.

2. Sektorutval for næring og utvikling kan gje utfyllande retningslinjer for gjennomføringa av dei vedtekte reglane om husnummerskilt.